



Ordensreglar ved Veitastrond skule

Samarbeidsutvalet ved Veitastrond oppvekstsenter har vedteke desse tillegga/moderasjonane:

- Alle må gjera sitt beste for å gjera dei arbeidsoppgåvene dei vert pålagde både på skulen og som heimearbeid, og halde dei tidsfristane dei får på slike arbeid.
- Ved særlege arrangement, som t.d. sommaravslutningar kan lærarane gje løyve til at elevane kan få ha med seg godteri.
- Bruk av mobiltelefon og andre elektroniske spel på skulen er forbode.
- Me unngår å gjere skade på skulebygning, inventar og materiell - også på eigendalar som tilhøyrer medelevar. Elevar kan verte erstatningsansvarlege etter §1-2 i skadeerstatningslova for opptil 5000 kr. Ved tap av bøker og utstyr må elevane erstatte dette.
- Ingen må gå utanfor skulen sitt område utan særskild løyve frå lærar.
- Alle skal møte presist til kvar time.
- I arbeidsøktene og i tida mellom arbeidsøktene, hjelp me til med å halde ro og god orden.
- Ved fusk eller freistnad på fusk, vil skulen vurdera konsekvensar av dette.
- Me tek omsyn til kvarandre slik at ingen vert plaga, erta, halden utanfor eller utsette for annan sårande oppførsel (sjå § 9a i Opplæringslova). Ved mobbing eller mistanke om mobbing, føl ein instruksar som er nedfelt i våre reglar og rutinar.

På Veitastrond bidreg me alle til eit trygt, positivt og støttande læringsmiljø.